

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. I2

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Davik

Emne: Gamal engkultur

Bygdelag: Endal, Askeland, Davik

Oppskr. av: H.Aardalsbakke

Gard: Som ovanfor

(adresse): Davik

G.nr.I7-25 Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Delvis

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Gbr. Kristen Askeland 80 år.

SVAR

I. På innmarka skilde ein millom Tjukkeng, småmark og bergslått. Utslått var det som låg utanfor bøgarden t.d.i strandsider o.l. Høyet var Todehøy og småhøy, eller Langhøy og småhøy. Utslåtten var helst strandslette som dei kalla det. Attlege er kjent. Var brukt om åker som tilslådd. Namnet ekre er kjent, men ein er ikkje sikker på om det tydde åpen åker eller attlege. Utslåttene var berre stuttormslette.

2. Ja kvar vår mätte ein rydje all innmark. Ein rakte med rive all kvist og lauv. Lauvet tok dei heim til strø. Det dei rakte saman kalla dei tros. Dei la kvisten i store dungar som dei kalla Brute. Ein brukte å leggja dei på same staden år etter år. Ofte sette dei eld på dei. Når ein så såg røyken kring om på bøane, visste ein kva folk heldt på med. Småkratt hogg dei vekk om hausten når dei lauva. På innmark rydja dei bort småstein og. Utslåttane rydja dei ikkje.

3. Mosevaksen eng. Det vart lite gjort for å få vekk mosen. Prøvde av og til å få den bort ved hjelp av moserive

4. Veiting. Vart lite gjort med det. Ein meinat for 100 år sidan tok dei mest framtøke til med grøfting.

5. Utslåttar gjødsla dei ikkje, men innmarka gjødsla dei så langt gjødselen rakk, men det var nō fyrst og framst åkeren som fekk gjødselen. Det er ikkje kjent at dei samla opp gjødsel som låg att på marka etter beitinga. Når kyrne gjekk ute hadde dei i garfjøsen om nettene. Den gjødselen ein fekk på den måten brukte på den del av bøen som låg nerast garfjøsen. Kor sterkt marka vart gjødsla retta seg etter kor rikeleg dei hadde av den.

Då ein hadde så mykjen åker og han som vanleg var på same stadeh i uminnelege tider måtte han sterkt gjøslast, og det vart difor lite att til enga ofte.

6. Todeng er kjent.

7. Husa lågg tett saman for heile garden i eit tun og om ein annan. Ein mann kunne ofte ikkje eiga marka kring husa. Det kunne ofte vera naboen som åtte marka nedanfor fjøsen til den andre, så det var vanskeleg å fånyta ut seget frå møkdungen sin.

Akrane la dei der det var så flatt at det gjekk an og der kor det var turt. Her og var det slik at den eine naboen åtte marka rett nedanfor åkren åt den andre, og dei hadde nok ingen inntresse av at naboen skulle nyta godt av sigen frå hans åker eller møkdunge! 2.

8. Dei gjødsla alltid marka om våren. Reidskapane var dei same som for åkergjødsling. Køyrdet ut møka for det meste i møkslede eller vogn med små hjul. Dei brøydde med greip etter at ho var sundhakka med grev. sjå brevet om våronna.

9. Ja dei brukte å beite mykje, men det var for å spra for. Ein mente og at grasrota vart tetare ved beiting. Dei beitte all innmark. Om våren var det berre smalen beitte på innmark. Men om hausten både hest og sau-er og kyr.

10. Ein beiter endå sauер og til dels kyr på innmark. Dei siste 30 åra har dei meir teke til med kunsteng. Den beiter dei ikkje dei fyrste åra

II. Den gjødselen som låg att etter krøterna når dei gjekk på beite jamna dei ut over om våren når dei dreiv den vanlege vårvinna. Dei brukte berre ei vanleg rive til det arbeidet. Noko anna reidskap er ikkje kjend

12. Lengst attendeein kan minnast låg krøterna ute når dei gjekk i utmarka. Men etterkvart vart det vanleg å få seg gardfjøs. Den dtod som vanleg i gjerdet millom inn- og utmark. Gjødselen tok dei kvar vår oghadde ut over den enga som låg nermast gardfjøsen. Hadde ikkje andre fjøsar og så på støylen eller setra.

13. Kvier til å ha krøterna på er ikkje kjent her.

14. Har som ikkje vore brukte her som nokon kan minnast.

15. Når bjørnen var nersøkjen, brukte dei å liggja i gardfjøsen for å passe på krøterna. For at han ikkje skulle få opp fjøsdøra, brukte dei å setja avbrotna lja nedmed kroken på døra så han ikkje skulle få den opp. Har ikkje høyrt at dei brukte å stoppa ut fille-menn.

16. Sjå under 15. Det var helst mannfolk, men det hende og at eit par Tenestgjenter heldt vakt

17. Ukjent.

18. Nei sauefjøs med hjul er ukjent.

19. Ordet kvie er brukt t.d. stølsvkie. Det er av og til brukt som stadnamn på åkrar og engstykke. Ja her finst gardar som ein i dagleg tale kallar Kvia.

Her på desse kantar låg ikkje sætrane slik til at dei hadde inngjerda slåttemark kring husa, men sume stader

hadde dei såkalla stølsvie. Dei vart gjødsla på vanleg
måte som enga heime med kumøk. Det går attende med det no
kiksom med all utslått.

21. Ein brukte oske så langt dem rakk, elles var det nok
berre husdyrgjødsel dei brukte på marka. Tang brukte dei
helst på åker.

H. Aardalshakke


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen at den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det?

Nei.



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruks fiskebein og fiskehovud til brensel? Nei

Har ein brukta kumøkk til brensel? Nei